

Anneks på Skorpo og vedhus i dalen

16.02.2009

**Det er stor variasjon i dei byggjesakane kommunen har til behandling også frå Uskedalen og sjølv om det kan synest heller små skal dei gjennom ein grundig prosess.
Til dømes har dei no til vurdering ei sak om anneks på Skorpo og ei om vedhus i Uskedalen.**

Andor K. Skorpen, som bur i Loddefjord i Bergen, har søkt om å få byggja anneks på Skorpo og no får han eit førebels svar, som alle skal ha innan tre veker.

Søknaden til Skorpen må, svarar saksbehandlar Torill Slåke, handsamast i forvaltningskomiteen då denne saka krev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. I paragraf tre i føresegnene står det at 'oppføring av frittliggjande uthus ikkje er tillete'. Difor må politikarane ta stilling til saka.

Olav Tvilde på Voss har søkt om restaurering/tilbygg til vedhus i Uskedalen. I svaret til han gjer saksbehandlar Anne Lise Næs Olsen det klart at saka ikkje kan behandlast som enkelt tiltak då søknad om dispensasjon først må sendast til vegvesenet. Difor vert det ei forlenga behandlingstid på inntil 12 veker.

Saksbehandlaren peikar og på at bygget ligg nærare nabogrense enn fire meter og at det må innhentast erklæring frå nabo om løyve til dette. Ho ser også at bygget ligg nærare bustadhus enn åtte meter og antek at branndimensjonering er vurdert i prosjekteringa.

Av Ola Matti Mathisen